

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagabring@gmail.com

VISESONGAR PÅ NAUSTTURNÉ I NORD

Ann-Iren Hansen frå Øksnes i Vesterålen legg denne månaden ut på turné i naust i Nord-Noreg. Ho har ein god dose sjøvatn i blodet, og no ynskjer ho å finne attende til magien i dei einsame, små husa og skape minneverdige konsertar for eit lite publikum. Turneen byrjar i det eldste naustet på Træna 7. september og held fram på Dønna, Lovund, Bolga, Kjerringøy handelssted, Rognan, Engeløya i Steigen, Strøksnes og Tranøy fyr.

Pressefoto



på kvarandre på gjennom sosiale medium. I det heile er identitetsspørsmåla viktige på dette albumet.

BARN

Duterte, som har filippinsk opphav, har henta platetittelen frå talespråket tagalog. Orda *anak ko* tyder «mitt barn», og det er måten mor til Duterte vender seg til henne på i tekstmeldingar. Valet av tittel spelar slik fint på tilhørslse, eigarskap og ei merksemd til det nære. *Anak Ko* er Dutertes eige barn.

Kanskje er val av omslag også knytt til opphavet til desse songane, som vart skrivne i løpet av eit vekelangt opphald i Joshua Tree, ein nasjonalpark utanfor Los Angeles (der Duterte bur), noko ein nærast kan høyre i avslutningsporet «Get Well» med smeltande steelgitarar. Dette er musikk skapt under ein open himmel.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.

Intellektuelt atterhald

Det er vakker flyt i Accademia d'Arcadias framføring av Alessandro Grandis motettar.

CD



ALESSANDRO GRANDI:
**Celesti Fiori
- Motetti**

ACCADEMIA

D'ARCADIA; UTFASOL ENSEMBLE;
DIR.: ALESSANDRA ROSSI LÜRIG.
ARCANA 2019

Då eg vitja den mellomalderske, men sterkt «barokkiserende» basilikaen Santa Maria Maggiore i norditalienske Bergamo, var det for å sjå det vakre gravmonumentet til byens store son, den viktige operakomponisten Gaetano Donizetti. Overraskande var det at læraren hans, den bayerske operapioneren Johann Simon Mayr, låg få meter unna.

Noko minneplate for den venetianske komponisten Alessandro Grandi, som vokalensemblet Accademia d'Arcadia og instrumentensemblet UtFaSol på denne plata gjev oss motettar av, såg eg ikkje. Det vil seia: Eg såg ikkje etter noko slikt heller, for sjølv om Grandi var ein viktig og populær komponist langt utover Italia i tidlegbarokken, er han ikkje noko meir enn ein parentes i musikksgoga. Men i Bergamos Santa Maria Maggiore – eit musikalsk sentrum i Nord-Italia på 1600-talet – var Grandi altså kapellmeister dei siste åra av livet sitt, før han (saman med kona og mesteparten av familien) brått blei reiven bort av pesten i 1630.

«CANTADE»

Innspelingar syner at òg musikkhistoriske parentesar kan gje

gripande opplevingar. Utvalet dirigenten Alessandra Rossi Lürig har gjort frå Grandis 300 verk store opusliste, syner ein komponist med ein fot i renessansen og ein i barokken: Den vakre flyten i motettane er 1500-tals, medan dei deklamatoriske, retorisk effektfulle teksttonesetjingane er byrjinga på barokkens kyrkjemusikk, den som kulminerte med J.S. Bachs kantatar. Faktisk er Grandi mellom dei fyrste – om ikkje den fyrste – som nyttar omgrepet «Cantade» om kyrkjeverka sine.

Grandis motettar (stutte kyrkjemusikkstykker) er ikkje strengt polyfone i tydinga at alle stemmene blir handsama likt. Det harmoniske grunnlaget er nemleg alltid ei instrumental bassline, den me kallar *basso continuo*, som UtFaSol spelar med orgel og lutt. Over basslina utfaldar songstemmene seg i virtuose melodirørsler, nokre gonger solo, andre stader som duett eller trio, ofte avløyste av elegante instrumentale mellomspel.

EKSORSIST

Eit godt døme på korleis Grandi skapar dramatisk utvikling, høyrer me i *Factum est silentium in caelo* («Der var stille i himmelen»), som handlar om erkeengelen Mikaels kamp med draken. I fyrste delen er det stille før stormen; ein einleg sopran kunngjer kampen, som så blir illustrert gjennom raske melodiskaskadar i blåseinstrumenta. Ikkje før mot slutten, etter at draken har fått banesår, kjem koret inn og hyllar Herren med klåre, breie akkordar.



Kyrkja Santa Maria Maggiore i Bergamo, der Alessandro Grandi (1590–1630) var kapellmeister. Foto: Sjur Haga Bringeland

Drakar og demonar var elles noko Grandi kjende til, for medan han utdana seg ved Markuskyrkja i Venezia, arbeidde han som eksorsist, altså djevelutdrivar. Sjefen hans i Venezia var Claudio Monteverdi, komponisten som gjerne blir kalla barokkmusikkens far. Korleis er så Grandis musikk om me samanliknar med den til Monteverdi? Han er nok meir lågmælt, utan den radikale tonen me kjenner frå Monteverdis musikk. Men nettopp dette lågmælte, som har eit snev av intellektuelt atterhald, gjer han karakteristisk og interessant.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

I klassiske gevant

CD



CATHARINUS ELLING:
Et kjærlighetsdikt

RUNE ALVER,
KLAVER.
LAWO 2019

«Jeg sto ligeoverfor en lyrisk Begavelse av høy Rang», skreiv Edvard Grieg i 1885 etter at han hadde gjennomgått notemanuskripta han hadde fått i posten av den unge pianist-komponisten Catharinus Elling (1858–1942) frå Kristiania. Hans klaverstykkje kjem her på fyrste gong på CD, pent tolka av pianisten Rune Alver, som nok ein gong syner

mot og vilje til å trekkja fram ukjende sider av musikkarven vår.

Det innspelte spenner frå enkle, men på sitt vis finurlige stykke (som *Vals*, op. 1), til breitt formulerte, ja, mest

symfoniske verk (som dei to *Scherzi for klaver*). Interessante er òg folketonane, sjølv om Elling kler seg i svært så klassiske musikalske gevant.

SJUR HAGA BRINGELAND



Jackson Browne då han spelte på Blue Hills Bank Pavilion i Boston i mai ifjor. Foto: Robert E. Klein / AP Photo / NTB scanpix



Catharinus Elling (den andre frå venstre), her på Musikkfesten i Bergen i 1898. Bak bordet står Edvard Grieg. Foto: Nasjonalbiblioteket